

# *BOKN BYGDABLAD*

NR. 9 - NOVEMBER 1994 - ÅRG. 9

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## ***OPPSTART PÅ UTVIDING AV SJUKESTOVA OG OMSORGSBUSTADER I NOVEMBER***

I midten av november vil arbeidet med utviding av sjukestova starta opp. Det er firmaet Haaland & Thuestad i Karmøy som har anbodet på utvidinga. I forhold til planane er det ein del av påbygget som ikkje vil bli gjort ferdig i denne omgang p.g.a. kommunen sin økonomiske situasjon. Det er m.a. eit dobbelt pasientrom, og rom for fysioterapi. Også planlagd omgjerung i eksisterande sjukestove vil bli utsett. På bakgrunn av dette vil heller ikkje kommunen få full utteljing i tilskot frå staten for så mange ferdigstilte pasientrom som opprinneleg tenkt. Det vil nå bli ferdigstilt 3 nye pasientrom. I tillegg blir det nytt vaktrom, kontor, bad m.v. Arbeidet med å leggja ei høgspenline i jordkabel er nå i gang, og må vera heilt ferdigstilt før grunnarbeidet kan ta til. Tilbygget er planlagt ferdigstilt med dei innebygde reduseringane til sommarferien 1995.

Når det gjeld dei 6 omsorgsbustadene som skal byggast rett nord for Boknatun, vil grunnarbeidet starta i november. Det vil bli eit rekkehus med 3 husvære i 1. og 3 i andre etasje.

### ***KORLEIS STÅR DET TIL MED DRIKKEVATNET?***

**Næringsmiddeltilsynet orienterer om det kommunale  
drikkevattnet på side 2**

### ***LØA I FØRESVIK TIL NEDFALLS***

**Så er det endeleg skjedd - det mange har venta på lenge. Den gamle løa i Føresvik er i ferd med å bli sletta med jorda. Mange har meint at løa var ein fare m.a. for barn som leika i området.**

**Les side 4**

NÆRINGSMIDDELTILSYNET HAUGALAND  
Karmøy-Haugesund-Tysvær-Sveio-Bokn-Utsira

**PROBLEMET MED DRIKKEVANNET FRA BOKN VANNVERK**

Som kjent har vi i en periode i oktober hatt problemer med den hygieniske kvalitet på ledningsnettets til vannverket. Her skal gjøres kort rede for denne episoden.

Problemet oppstod i forbindelse med brudd på ledningen i Boknasundet. Dette førte til en betydelig lekkasje som bevirket at mer vann enn vanlig passerte desinfeksjonskilden pr. tidsenhet. Desinfeksjonen skjer fra en lampe som sender ut bakteridrepende UV -stråler. Når vannmengden blir større enn anlegget er dimensjonert for, vil vannet ikke bli tilstrekkelig desinfisert, strålingsdosen bli for lav.

Vannet fra Bokn vannverk blir rutinemessig undersøkt hver fjortende dag. Det undersøkes hver gang prøver av råvann (Torlandsvannet), to prøver fra vannbehandlingsanlegget og 4 prøver fra ledningsnettets: Alvestad, Føresvik, Håland og Arsvågen.

Det tas flere prøver enn det som anbefales av Folkehelsen. I forslaget til den nye drikkevannsforskriften kreves minimum 8 prøver pr. år. I dag tas det altså ut prøver 25 ganger.

Vi oppdaget tarmbakterier i rutineprøver tatt ut den 10. oktober. For å bekrefte resultatet anmodet vi staks om nye prøver. Resultatet av disse bekreftet at det var sikre tarmbakterier på nettet. Det som skjedde etterpå er vel kjent for de fleste: Pressemelding ble sendt fra oss i Næringsmiddeltilsynet i samråd med Fylkeslegen ( fordi kommunelegen var bortreist ). Meldingen gikk til lokalpresse og - radio og nådde forhåpentlig de fleste.

Reservekloringsanlegget ble koblet inn og det sendes nå tilfredsstillende desinfisert vann ut på nettet. Kloringsanlegget vil være i drift inntil det er utført forsterkninger på UV - anlegget. Det vil i samråd med kommunelegen bli tatt daglige prøver i en uke når UV - anlegget settes i drift igjen. Deretter vil prøver bli undersøkt en gang pr. uke i en måned før vi går over i rutineprogrammet igjen.

Når det påvises sikre tarmbakterier i drikkevannet betyr dette at det tilføres mikroorganismer fra dyr, fugler eller mennesker. Tarminnhold fra disse kan inneholde mikrober som igjen kan utløse sykdom. Som kjent skjedde dette for to år siden før vannverket var ferdig innkoblet med desinfeksjon. Siden vi hadde hatt det nevnte utbruddet vurderte vi situasjonen som så pass truende at vi anbefalte koking av drikkevannet. Vi har ikke fått melding om konstatert sykdom ved dette siste uhellet. Vi har riktignok sett i avisen at det har vært antydning forekomst av mage / tarm - forstyrrelser også denne gang. For å fastslå med rimelig sikkerhet om sykdom har oppstått

som følge av forurenset drikkevann, må en oppsøke lege og sørge for at det blir tatt prøver for undersøkelse. Det må samtidig foretas epidemiologisk undersøkelse der forekomst av sjukdom blir vurdert i forhold til hvilket drikkevann som blir brukt. Noen husker kanskje utbruddet for to år siden der en slik undersøkelse ble foretatt. Det ble den gang påvist Campylobacter - bakterier fra flere pasienter, men det var den epidemiologiske undersøkelsen som fastslo at drikkevannet var årsaken.

La oss håpe at kvalitessikringsarbeidet, som nå skjerpes i vannverket, vil redusere sjansen for at uhell fører til mulig helsefare. Vi vil minne om at vannverket før det siste uhellet har levert vann av tilfredsstillende kvalitet helt siden starten for to år siden. Som kjent er det allerede vedtatt å styrke overvåkingen av anlegget bl. a. med automatisk varslings til personsøkere ved svikt i f. eks. UV - anlegget.

Erfaringene gjort ved det siste uhellet er drøftet i møte i Kommunehuset den 27 / 10. Rådmannen, helse - og sosialsjefen, kommunelegen, kommuneingeniøren og undertegnede oppsummerte hendelsene og vurderte forslag til forbedringer bl. a. utarbeidelse av forbedret beredskapsplan, varslingsrutiner mv.

Laurits Rossebø  
Kommuneveterinær.




## ***FLINKE JENTER***

Marie Frøiland og Kristina Faye nytta haustferien sin til å gjera ein innsats for «Redd Barna». På torsdagen laga dei småting av keramikk som dei selde rundt i Alvestad. Dette gjekk så fint at dei laga steintroll av stein frå strandkanten og hadde ein ny salsrunde. Då hadde dei og fått med seg Guro Nygaard. Kr. 389,50 fekk dei samla inn til «Redd Barna». Ungane vil takka alle som støtta dei.

## **HAR DU EIN GOD IDE OM BOKNASOUVENIR?**

Bokn Reiselivslag lyser ut ein konkurranse om den beste souvenir for Bokn. Forslag kan ein gi til Sigmund Alvestad. Souviren kan vera ein gjenstand eller liknande. Det er sett opp eit fenalår i premie for det beste forslaget til souvenir for Bokn.

## LØA I FØRESVIK TIL NEDFALLS



Harry Vågshaug som forpaktar jorda der løa står, såg at dersom han ikkje tok fatt med riving, ville ho snart ha falle ned ved neste hauststorm. I samarbeid med eigarane tok han derfor fatt på rivingsarbeidet, og det skal snart halda fram til løa er borte.

Mange meiner nok det er bra at løa forsvinn - men kanskje er det nokre som syns at det også er litt vemodig. Det er ikkje mykje att av det gamle karakteristiske Føresvik. Gamle Handelslaget og Hesthuset er borte,

gamle natrutekaien med pakkhus og venterom likeså. Det «nye» handelslaget har ikkje akkurat fått den heldigaste utforminga med tanke på tradisjonell vestlandsk byggestil, og gamle hermetikkfabrikken er ombygd til det ugjenkjennelege. Nå tronar Bokn Plast med høge firkanta bygningar. Den «nye» ferjekaien i Føresvik er alt ute av drift som ferjekai, nye kommunikasjonar har overtatt. Og så det gamle meieriet. Men det er det vel ikkje så mange som hugsar.



**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
TLF 52 74 85 00  
FAX 52 74 86 77



# **BYGDEBOKA**

## **DU HAR FORSATT SJANSEN!**

### **VER MED OG LAG BOKA!**

- Personfoto: gruppefoto/portretter (klasseb. er spesielt interessante)
- Bilete av bygningar og landskap (gardsb. er spesielt interessante)
- Folk i arbeidslivet til lands og til vanns.

Fotokopieringa på Allrommet, Boknatun den 22.10 var ein suksess! Der var til tider stappfullt av folk med mange interessante bileter.

Dette arbeidet er veldig viktig både for bygdeboka og Bokn, og bygdeboknemnda inviterer til ny fotokopieringsdag

LAURDAG 5. NOVEMBER KL.  
12.00 - 15.00 I ALLROMMET,  
BOKNATUN.

Bileta dine blir kopierte og registrerte på staden slik at du kan få dei med deg heim med det same. Det spelar ingen rolle om bileta er lause, i album eller i ramme, og dei tar ikkje skade av kopieringa. Du treng ikkje sjølv sortera ut det du meiner ikkje kan ha interesse. Dette kan du trygt overlata til dei som skal registrera fotografia.

Det er betre å ta med seg for mykje enn for lite.

Her blir det også kaffi og litt å bita i, og ein reknar også denne gong med at praten går livleg omkring desse gamle fotografia.

LA IKKJE DETTE HØVE TIL Å  
GJE DEI GAMLE BOKNARANE  
EI FRAMTID I BYGDEBOKA GÅ  
FRÅ DEG!

## **KULTURKALENDEREN**

Arbeidet med kalenderen for våren 1995 er i gong, og dei ulike lag og organisasjonar er velkomne til å vera med og gi kalenderen eit breitt og informativt innhald. Kontakt då kulturkontoret om ting som skal skje, og som de vil ha med i kalenderen. Dette gjeld arr. i tidsrommet 1.1.95 - 1.8.95.

INNLEVERINGSFRIST:

MÅNDAG 14. NOVEMBER.

Jardar Havikbotn

- kulturleiar -

# 50- OG 60-ÅRS JUBILANTAR I HAUST

To konfirmantkull har hatt jubileum i Bokn i haust. Først ute var det kullet som vart konfirmert den 1. oktober 1944.

Desse var 16 konfirmantar. Av desse var det 10 som møtte til eit lite jubileum i Bokn søndag den 25. september i år. 2 av dei 16 er døde, medan 4 ikkje kunne møta.

Det var Lars Vatnaland og Margot Vatnaland som tok initiativ til å samlast, og seinare fekk dei invitasjon frå soknerådet til å møta i Bokn kyrkje denne sundagen. Og slik vart det. Dei møttest i kyrkja til gudsteneste. Etterpå hadde dei ei uformell samling på Arsvågen med middag og kaffi og fekk drøsa saman og minnst «gamle dagar».

Sjølv om opplegget verken var så omhyggeleg planlagt eller varte så lenge, så seier eit par av jubilentane til bygdabladet at det var svært gildt å treffast.

Større opplegg var det imidlertid søndag den 9. oktober då konfirmantkullet frå 1934 møttest og hadde 60-års jubileum. Dette var eit

kull på heile 28 konfirmantar, som nok er det største som har vore her i Bokn, i alle fall i vår generasjon.

Einar Alvestad, som var jubilent og initiativtakar til jubileet, fortel at av desse er det 19 som lever, og 16 som møtte til jubileet. Det starta med gudsteneste i Bokn kyrkje, og jubileet vart her særleg markert. Det var hausttakkefest denne sundagen, og 1. klassingane ved Bokn skule var til stades med kvar si korg med frukt og grønnsaker, og dei hadde øvd inn songar som dei framførte for kyrkjelyden. Det er stor skilnad på antal elevar i kvart kull i dag og den gong. I dag synes ein det er mange i kullet når det er over 15.

Etter gudstenesta var det samling på Bokn Bedehus med middag og kaffi. Her var det høve til å snakka om tidlegare tider. Mange hadde ikkje sett kvarandre på omtrent 60 år. Det var også ein runde kor mange fortalde om kva dei hadde drive med opp gjennom åra. Men tida går fort i slikt lag, og dei braut opp i fem-tida på ettermiddagen. Men det blei gitt uttrykk for at det hadde vore gildt å treffast att etter så mange år

# MINNEORD

Ein av Bokn kommune sine mest markante personar - Ingolf Kro - er død, 69 år gamal.

Ingolf Kro er fødd i Bokn, og har budd i heimkommunen heile livet med unntak av eit par år i Stavanger. Han har vore ein markert person, særleg i lokalpolitikken.

I Bokn var han ordførar for Senterpartiet i til saman 8 år i 1960- og 1970 -åra. Han var dessutan medlem av Fylkestinget frå 1964 - 1972.

Utanom desse politiske oppgåvene var han opp gjennom åra innom mange offentlege verv i kommunen. Han var også med i andre styre og råd som t.d. Norges Bank sitt styre i Haugesund, og det lokale bankstyret i eigen kommune. Han var sterkt engasjert på dei fleste område, og arbeidde grundig og aktivt for ei god utvikling av lokalsamfunnet. For ein liten øykommune var det særleg på kommunikasjonsområdet både internt i kommunen, og når det galdt ferjer og anna transport til og frå kommunen.

Utanom det politiske arbeidet var han særleg interessert i barn og ungdom sine oppvekstvilkår, og var ei tid aktiv formann i idrettslaget.

I arbeidslivet var Ingolf Kro innom på fleire stader, m.a. kontoret ved den lokale hermetikffabrikken, ved kommunekasserarkontoret, likningssjef og trygdesjef. Han arbeidde også ei kortare tid for Norsk Folkehjelp. Han slutta i trygdeetaten i 1991.

Ingolf Kro var eit arbeidsjern. I lokalsamfunnet var det mange som gjekk til han for å få hjelp med ting dei sjølv ikkje hadde greie på.

Fem barn lever att etter han.



# BOKN FOLKEBIBLIOTEK


## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : kl.16.00 - 19.00

TORS DAG : kl.10.00 - 13.30

## LESETIPS



### BARN/UNGDOM

Jansson, Tove:  
Den store mummiboka

Jenseg, Grete R.:  
Faren til Lukas

Ørjasæter, Elin:  
Ikke ta Maika

Staalesen, Gunnar:  
Vikingskattens voktere


### VAKSNE

Ekman, Kerstin:  
Hendelser ved vann

Høeg, Peter:  
Frøken Smillas  
fornemmelse for snø

Margolin, Phillip:  
Borte, men ikke glemt

Georg, Elizabeth:  
Asken og æren



TID FOR JULEVERKSTED!  
Alle julebøkene er lagt ut.




## BETRE LEGESITUASJON I BOKN

Det ser nå ut til å bli ei rask forbetring på bemanningssituasjonen ved legekantoret i Bokn. Innan ca. 1 mnd. vil det etter det ein kan sjå i dag igjen vera normale forhold med ope legekantar for publikum på måndagar og torsdagar. Det har nå i lengre tid berre vore lege på torsdagar. Helse- og sosialetaten vil koma tilbake med nærare informasjon.

### *ÅRSMELDING FRÅ FISKERIRETTLEIAREN*

Årsmeldinga frå fiskerirettleiaren i kommunane Haugesund, Bokn, Tysvær, Utsira og Vindafjord viser at det er registrert 25 fiskarar i Bokn kommune. I ei tabelloversikt kan ein sjå at 10 av fiskarane har fiske som binæring, medan 15 har fiske som hovudnæring. I oppsummeringa om Bokn seier fiskerirettleiaren m.a. at riksveg 1 gjennom kommunen har skapt store muligheter for kommunen, og har gjort at Bokn er blitt eit viktig knutepunkt i regionen. Når det gjeld antal fiskarar, så har dette vore i nedgang dei seinare åra, men det ser nå ut til å ha stabilisert seg.

Når det gjeld fiskeforedling står Bokn oppført med 1 anlegg (Bokn Fiskemottak) med 20 deltidstilsette og 1 heiltidstilsett. Dette utgjer til saman 13 årsverk. Oppdrettsnæringa i Bokn er oppført med 11 heiltidstilsette og 9 i deltid. Til saman 12 årsverk. I 1993 hadde Bokn 3 registrerte matfiskanlegg og 1 anlegg på «lån». Det er too settefiskanlegg i Bokn som til saman sysselset 4 i fylgje årsmeldinga. Det er i ei tabelloversikt oppført 20 fiskefartøy som høyrer til i Bokn. Av desse er 3 over 15 meter.



# BOKN IDRETTSLAG INFORMERER:

Fotballsesongen er slutt for i år - resultatene fra årets sesong i

Lillegutt:

Lillegutter 11/12 år avd						
Utsira	15	11	2	2	120-48	35
Haugar	14	10	1	3	106-41	31
Bokn	15	9	2	4	85-62	29
Kolnes	15	5	1	9	43-93	16
Skjold 2	12	4	0	8	42-57	12
Ferkingstad	13	0	0	13	23-118	0

Gutter:

Gutter 7 er 4.div avd 4						
Vedavåg 2	12	8	0	4	68-42	24
Skånevik	12	8	0	4	51-25	24
Bjoa	11	6	0	5	68-30	18
Kopervik 2	12	5	0	7	38-83	15
Bokn	11	1	0	10	36-81	3



A-lag:

## 7.div Menn avd 2

Haugar	16	12	2	2	82-19	38
Suldal	16	12	2	2	51-19	38
Jelsa	16	11	2	3	87-41	35
KFUM-kam	16	10	1	5	43-47	31
Vats 94	16	8	2	6	71-34	26
Nylund	16	6	1	9	42-45	19
Bokn	16	5	0	11	29-73	15
Sandal	16	2	1	13	32-90	7
Storhaug	16	0	1	15	27-96	1

Neste år blir det ikke A-lags fotball, da det er mangel på både trener og spillere (en del er bortreist i militæret, skole og jobb).

Vi anbefaler de som gjerne vil trene om å møte opp på volleyball-treninga torsdager kl. 20 - 22 i gym.salen.

Dametric har og tatt pause, da det var liten deltakelse. Vi håper å få starte opp igjen til neste år med innleid instruktør.

Hvis det er damer som gjerne vil trene ballspill, så ta kontakt med styret.

May Jorunn Vatnaland





**Bokn  
kommune**



- FOLKERØYSTING OM EU**
- FØREHANDSRØYSTING**
- AMBULERANDE RØYSTING**

I Bokn kommune blir det halde folkerøysting over spørsmålet om Noreg bør bli medlem av EU

**måndag den 28. november kl. 09.00 - 21.00 i Boknatun.**

Du har røysterett ved folkerøystinga dersom du er norsk statsborgar og har fylt 18 år seinast 01.12.94.

Dersom du ikkje kan møta fram i røystelokalet på røystedagen, kan du røysta på førehand. Dersom du førehandsrøystar i ein annan kommune enn der du er innført i folkeregisteret, hugs at røysta skal nå fram til heimstadkommunen gjennom posten innan røystingsdagen.

Du kan førehandsrøysta alle kvardagar fram til 25. november 08.30 - 15.00  
Laurdag 26. november 10.00 - 14.00  
Sundag 27. november 14.00 - 16.00

Elles etter avtale

Dersom du ikkje kan møta opp i røystelokalet på røystingsdagen p.g.a. sjukdom eller uførleik, kan du senda ein søknad til valstyret og be om å få røysta heime eller der du oppheld deg. Det er ikkje nødvendig å ta kontakt med valstyret dersom du er innlagd på eller bur på institusjon der det blir arrangert førehandsrøysting.


Fristen for å søkja om å få røysta heime er 22. november 1994 kl. 15.00.

I brevet til valstyret må du opplysa:

- korfor du ikkje kan møta opp i røystelokalet
- fullt namn, fødselsår og fødselsdato.

Bokn, den 28.10.94

Leif Vatnaland  
leiar av valstyret



**SR-BrevGiro**  
**- en effektiv måte å**  
**ordne betaling av**  
**regninger!**

**Ta kontakt**  
**med din lokale**  
**SR-BANK og bli**  
**SR-BrevGiro-**  
**bruker du også!**



# TV-aksjonen 6. november

I år er det Norsk Folkehjelp som står for TV-aksjonen. Dei innsamla midlane skal gå til fattigdomsbekjemping og naudhjelp i Bosnia-Hercegovina, Angola, Chile. I tillegg skal ein del av midlane gå til Norsk Folkehjelp sitt arbeid i Noreg.

Sidan Bokn ikkje har nokon lokal forening for Norsk Folkehjelp, har det vore litt vanskeleg å få nokon organisasjon til å ta på seg arbeidet. Den lokale komiteen har difor spurt kommunalt og statlege tilsette på Boknatun om å vera innsamlarar, og det har ein fått positiv respons på. Så - ta vel imot innsamlarane når dei kjem rundt med bøssene søndag den 6. november etter kl. 14.00!



## *NESTEN 50 DYR KAN FELLAST*

Det er fellingsløyve på 25 rådyr og 23 hjort i Bokn i år. Til nå er ikkje kvotane tatt ut. Av rådyr er mindre enn 10 felt pr. utgangen av oktober. Men denne jakta varer omtrent til jul, så det kan ennå fellast mange fleire.

Når det gjeld hjortejakta, så går denne ut før midten av november, og ved utgangen av oktober er det ennå att ca. 1/3 av fellingskvoten. Det vil venteleg bli felt fleire hjortar mot slutten av jaktperioden.

## **INGEN MELDINGAR OM PIGGSVIN**

I siste nr. av bygdabladet vart det etterlyst observasjonar av piggsvin i Bokn i 1993 eller tidlegare. Ingen har meldt frå om at dei har observert dette dyret dei seinare åra. Det har for ein del år sidan vore piggsvin i Bokn, men av ein eller annan grunn er dei forsvunne for ein del år sidan. Eller er det likevel nokon som veit om noko anna?



## BOKN KOMMUNE

### LEDIG STILLING FOR AMBULANSESJÅFØR

Frå 01.01.95 er det ledig deltidsstilling for ambulansesjåfør i Bokn.

Det dreier seg om ei deltidsstilling i turnus, og det er ynskjeleg med kurs i førstehjelp og ekstra kurs i ambulansekjøring. Søkjarar som ikkje har dette, må vera viljuge til å ta den opplæringa som blir pålagt for stillinga.

Andre beredskapsordningar kan bli tillagt stillinga.

Nærare opplysningar om løn, arbeidstid m.v. vert gitt ved henv. til Bokn sosialkontor.

søknad skal sendast til Bokn kommune, 4290 Bokn innan 15.11.94

Rådmannen i Bokn

## HÅR FIXEN

ÅPNINGSTIDER:

MAND: 09 - 16 TIRSD: 09 - 17

TORSD: 09 - 14 FRED: 09 - 16

Lørd. åpent bare ved dans/bryllup

*Mona*

## ELEKTRISK KOMFYR

3 platers - rimeleg til salgs

Tlf. 52 74 84 59

## DIALEKTKVELD

«Eg seie' meg så» er tittelen på foredraget lektor og bonde Olav Hetland vil ha torsdag 10.nov. på Allrommet, Boknatun. Det er Bokn mållag som innbyr alle interesserte til å høyra om lokale ord og uttrykk og vår eigen dialekt nå og i framtida. Vil boknadialeken bli som nå?

Kaffi med noko attåt, pluss gamle gode songar. Velkomen - ingen inng.pengar.

## «KULTURMIDLAR» FRÅ BOKN HANDELSLAG

Bokn handelslag har nyleg delt ut kr. 6.000,- til lag og foreningar i Bokn. Det var berre 4 lag som søkte etter at Handelslaget hadde avertert midlane. Det ser ut som at leiarar/styremedlemer ikkje er observante nok når det gjeld ulike tilskotsordningar. Her er det lett tente midlar lag og foreningar kan gå glipp av.

Alle laga som søkte, fekk difor tilskot. Handelslaget legg ved tildelinga vekt på aktivitet, medlemstal og kjøpetruhet.

Tildeling:

Bokn idrettslag: kr. 2.800

Diskoteket: kr. 1.400

Petra: kr. 1.400

Bokn mållag kr. 600



## **BOKN KOMMUNE**

Bokn helse- og sosialstyre har midlar som skal gå til styrking av leiarsituasjonen i lag og foreningar for barn og unge. Ein ynskjer å gi ei oppmuntring og støtte til leiarane i form av litt økonomisk støtte for den innsatsen dei gjer når det gjeld å

**STØTTE TIL LEIARAR  
AV BARNE/UNGDOMSLAG**  
aktivisera barn og unge i Bokn. Dei foreningane som har fleire leiarar må dela tildelte midlar mellom desse. Søknadsskjema får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 14. november 1994.

### ***INFORMASJON OM INFLUENSVAKSINA -94***

Helseavdelinga i Bokn kommune har nå gitt vaksine til alle over 80 år pluss ein del av dei som tilhøyrer risikograppa. Me har framleis ein del vaksine igjen, og oppmodar folk i risikograppa (dei som tidlegare har fått gratis vaksine) og som ynskjer vaksine, om å ta kontakt med sjukestova snarast.

Me tilbyr og - så lenge beholdninga rekk, vaksine til personar over 70 år. Prisen på vaksine for desse gruppene er i år kr. 50,-.

Dei som fell utanfor desse gruppene, men som likevel ynskjer vaksine, kan venda seg til legekantoret for bestilling av vaksina. Desse må i år betala apotekarpris (ca. kr. 100,-).

Ta kontakt med Bokn sjukestove dersom du har spørsmål.

### ***BOKN BYGDABLAD***

#### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,

4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00

fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto 3373 07 00305

#### **BYGDABLADNEMND:**

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,

Liv Vatnaland

**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

#### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds: kr. 100,- pr. år

#### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 400,-

Halv side: kr. 150,-

¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-

Små privatannonsar: KR. 10,-

#### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årleg.

## ARRANGEMENT

- 02.11: BINGO på skulen  
Arr: Bokn skulekorps.
- 03.11: Møte NMS Bokn bedehus.
- 08.11: Opptak av nye speidarar,  
Bokn bedehus.
- 09.11: Møte Felleskjøpet, Bokn  
bedehus.
- 10.11: Bokn mållag har temakveld  
om dialekten vår på  
Allrommet i Boknatun kl.  
19.30.
- 11.11: Årsmøte i Bokn Senterparti kl.  
19.30 i Allrommet, Boknatun.
- 12.11: Elevkonsert på Bokn skule
- 12.11: Dans. Musikk: Leif &  
Kompisane. Arr: Diskoteket.
18. -
- 19.11: Røde Kors besøkstj. har  
Julemesse på Boknatun
15. -
- 20.11: Møter Indremisj. Bokn  
bedehus.
- 26.11: Bokn skulekorps har  
Julemesse på skulen.
- 27.11: Julegranstening. Arr: Bokn  
Røde Kors
- 06.12: Grautfest, speidarane.
- 11.12: LUCIA-fest Bokn skule  
Arr: Bokn skulekorps.

**HØY TIL SALGS**

Tlf. 52 74 85 98



- 06.11: Kl.11. Familiegudsteneste v/  
Helge Gaard. Utdeling av  
«Mi kyrkjebok» til 4-åringar.  
Offer til søndagsskulearb.**
- 27.11: Kl.19. Lysmesse v/ Aurdal.  
Offer til speidarane.**
- 11.12: Kl.11. Gudsteneste v/  
vikarprest Sigmund Aarvik.  
Nattverd. Offer til  
Misjonssambandet.**

**SUNDAGSSKULE**  
Kyrkjebygd skule  
Sundag den 20.11 kl.14.00

**LENSMANN**  
Første fredag i kvar mnd.  
kl. 10 - 12 i Boknatun

**LANDBRUKSKONTORET**  
Kvar fredag kontordag i Boknatun

**FOTPLEIE**  
Onsdag den 9. november og  
Onsdag den 14. desember.  
Påmelding tlf. 52 74 85 00